



Statens vegvesen

Protokoll og referat

Møtedato: 11.04.2025

Tid: 0900 – 11.50

Referent: Hilde Johanne Svendsen

Saksbehandler: Hilde Johanne Svendsen

Tlf. saksbeh.

Vår dato: 25.04.2025

Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

Møtenr:	3-2025
Stad:	Teams
Møteleiar:	Øystein Tvedt
Til stades:	<u>Styringsgruppa:</u> Ålesund kommune (ÅK): Øystein Tvedt, Hans Kjetil Knutsen, Tore Johan Øvstebø Møre og Romsdal fylkeskommune (MRFK): Harry Valderhaug, Randi Walderhaug Frisvoll Statens vegvesen (SVV): Ove Nesje <u>Sekretariatet:</u> Daniel Rönqvist (ÅK), Eduardo Martinez Gutierrez (MRFK), Hilde Johanne Svendsen (SVV) <u>Andre:</u> ÅK: Ingunn Osdal Stette, Tobias Hay Slinning, Miroslav Vasilev, Christine Rørvik MRFK: Jesper Wiig, Torbjørn Vatnehol SVV: Ole Kristian Birkeland, Kåre Mittet Rolandsen, Kjetil Sporseem
Forfall:	Hans Olav Myklebust (MRFK), Kjetil Strand (SVV)
Kopi til:	Fyll inn

Innleiing ved leiar for styringsgruppa

Namneopprop:

Faste medlemmar	Til stades	Forfall	Vara
Øystein Tvedt (ÅK)	X		
Hans Kjetil Knutsen (ÅK)	X		
Tore Johan Øvstebø (ÅK)	X		
Hans Olav Myklebust (MRFK)		X	Randi Walderhaug Frivoll (MRFK)
Harry Valderhaug (MRFK)	X		
Kjetil Strand (SVV)		X	–
Ove Nesje (SVV)	X		

Innkalling godkjent.

Sak 14/2025 Orientering om Kipervika / Massedeponi for Breivika – Lerstad – Muntleg orientering

Ole Kristians Birkeland orienterte.

Kortversjon av det offentlege innhaldet i saka:

Statens vegvesen orienterte om status for utfylling i Kipervika. Massar som blir brukt i utfyllinga er mellom anna tunnelstein frå ID5 Brevika Lerstad. Det vart orientert om at utfyllinga er stansa, og at massar no mellombels blir lagra på Flatholmen og at dette ikkje har konsekvensar for framdrifta for ID5 Breivika – Lerstad.

Protokoll:

Øystein Tvedt (ÅK) fremma forslag om at møtet skal lukkast under behandling av saka, jf. kommunelova § 11–5, 3. ledd bokstav b jf. Offentleglova § 23, 1. ledd.

Votering:

Møtet blei samrøystes vedteke lukka, jf. kommunelova § 11–5, 3. ledd bokstav b jf. Offentleglova § 23, 1. ledd.

Til stades i møtet: Styringsgruppas medlemmer Øystein Tvedt (ÅK), Hans Kjetil Knutsen (ÅK), Tore Johan Øvstebø (ÅK), Harry Valderhaug (MRFK), Randi Walderhaug Frisvoll (MRFK), Ove Neste (SVV). Ole Kristian Birkeland, prosjektleiar (SVV) og Hilde Johanne Svendsen (sekretariatsleiar SVV).

Styringsgruppa gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Styringsgruppa tok saka til orientering

Sak 15/2025 Fv. 6208 Steinvågbroa – restlevetid og mjuke trafikantar

Gitte Beiermann orienterte.

Kortversjon av innhaldet i saka:

Kapasiteten til Steinvågbroa er maks utnytta, men tilstanden er god nok til at ho kan stå i om lag 20 år til utan behov for omfattande rehabilitering. Det er behov for å starte planlegging av ny bru, slik at ny bru kan vere på plass innan 2045.

Det er plass til å etablere betre løysing for gåande og syklande over brua dersom ein vel å innføre lysregulering med eitt køyrefelt over brua. Ein må då gjere eit val om å legge til rette for mjuke trafikantar i staden for å legge til rette for ei god trafikkavvikling i området. I og med at det ikkje er mogleg å få bygd ei ny bru her på mange år, vil ei slik lysregulering

kunne blir ståande i svært mange år. Fagleg er det ikkje tilrådeleg å etablere lysregulering, både med omsyn til trafikkavviklinga, men også med omsyn til trafikktryggleiken.

Protokoll:

Styringsgruppa tok saka til orientering.

Sak 16/2025 Kostnadsøkning sykkelveg Tonningsgate–Steinvågsbrua

Eduardo Martinez Gutierrez orienterte.

Kortversjon av innhaldet i saka:

Opprinnelig gikk prosjektet kun fra Stenvågsbrua – Tueneskrysset, men som følge av at Ålesund kommune skulle oppgradere VA-nettet vidare mot Notholmen ble det besluttet at også fortauene og sykkelfeltene skulle forlenges tilsvarende. Disse arbeidene lå inne som en opsjon i kontrakt med entreprenøren og ble utløst etter vedtak i sak 5, i styringsgruppemøtet i november 2023. Grunnet planlagt ny Coop Extra butikk i Skarbøvikgata ved Notholmen, er det mulig å forlenge fortau og sykkelfelt med ytterlige 80 meter. Totalt sett gir prosjektet dermed ca. 750 m med nytt fortau og sykkelfelt.

Underveis i prosjektet har det dukket opp enkelte uforutsette momenter som har komplisert gjennomføringen. Dette er t.d. auka tidsbruk og kostnad for eksisterende høyspentkabel, hulrom under fortau som ga behov for å bygge betongkonstruksjon under, rekkefølgekrav for COOP som ga mulighet for å forlenge sykkelfeltet med 80 meter.

Den eneste muligheten for å kutte i prosjektet er rød asfalt, og det anbefales ikke. Det blir dermed bedt om økt styringsramme på 9,4 mill. kroner.

Protokoll:

Styringsgruppa støtta forslag til vedtak, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Styringsgruppa vedtar ny styringsramme for prosjektet på 56,5mill.kr i 2025–kr.

Kostnadsøkningen på 9,4 mill. 2025–kroner finansieres med 3,8 mill. 2025–kr. fra ID7 Sekkepost og 5,6 mill. Kr fra ID2 Kollektivterminal Keiser Wilhelmsgate.

Styringsgruppa vedtar redusert ramme for ID2 Kollektivterminal Keiser Wilhelmsgate med 5,6 mill. 2025–kr.

Styringsgruppa vedtar økt ramme for ID7 Sekkepost med 5,6 mill. 2025–kr.

Sak 17/2025 Kostnadsøkning og utvidelse av prosjektet E136 Hatlaåstunnelen – Vindgårdskiftet, sykkelfelt og nye busstopp inkl. avslutning sykkelfelt ved Åse Vest

Kåre Rolandsen presenterte saka

Kortversjon av innhaldet i saka:

Statens vegvesen orienterte om at prosjektet hadde fått auka kostnadar mellom anna som følgje av at prosjektet har strekt ut i tid og forsinka framdrifta, og at kvalitet på massane i eksisterande veg var dårlege og ga behov for full masseutskifting. Eksisterande overvassleidning var også for dårleg til gjenbruk, og mykje fjell har gjort bytte av stikkrenner dyrare.

Det er gjenbrukt bussskur i staden for å sette opp nye. Det er ein moglegheit å kutte ut raudmåling av asfalt, og den innsparinga er tilrådd å ta dersom det blir ytterlegare kostnadsauke i prosjektet.

Kostnadsauke etter at reduksjonar i prosjektomfang er på 6,4 mill. kroner som blir tilrådd å belaste prosjektet Breivika – Lerstad, omklassifiseringsmidlar.

Sykkelfeltet måtte forlengast austover for å gi tryggare avslutning. Prosjektutviding til ein kostnad på 10 mill. kroner blir tilrådd finansiert over sekkepost ID7, alternativt ved bruk av tilskotsmidlar frå Staten dersom søknaden blir innvilga.

Etter førre møte vart det bedt om at det vart sett på moglegheiter og konsekvensar for å ta inn igjen forlenging av sykkelfeltet som var foreslått tatt ut, og med det ombygging til kantstopp for busstopp Åse Vest.

Løysing med kantstopp gir mindre konflikt med syklande og gåande og det reduserer faren for at syklistar bruker vegbanen. Ut ifrå måla i Bypakke Ålesund, tilrår Statens vegvesen å bygge kantstopp, for å legge til rette for trygge og effektive løysingar for sykkel, og gi ein klar prioritering av kollektivtrafikken

Protokoll:

Styringsgruppa støtta forslag til vedtak, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Styringsgruppa vedtar ny styringsramme for prosjektet på 43 mill.kr i 2024–kr.

Kostnadsøkningen i prosjektet finansieres med 6,4 mill. 2024–kr. fra ID5 E136 Breivika – Lerstad, omklassifiseringsmidler, og med 1,5 mill. 2024–kroner fra ID7 Sekkepost.

Prosjektutvidelsen finansieres med 10 mill. 2025–kr. fra tilskuddsordning til mindre byområder.

Sak 18/2025 Rabatt for nullutsleppskøyretøy i Bypakke Ålesund – oppmoding om lokalpolitisk behandling

Hilde Johanne Svendsen presenterte.

Kortversjon av innhaldet i saka:

Med bakgrunn i styringsgruppa sitt vedtak i møte 6/2024, sak 3, legg sekretariatet fram sak med oppmoding om lokalpolitisk behandling av reduksjon i rabatten for nullutsleppskøyretøy i Bypakke Ålesund. Bakgrunn for oppmodinga er at

- talet på elbilar i Ålesund kommune aukar
- av 95 prosent av nybilsalet i kommunen er elbilar
- elbildelen av bompasseringane i Bypakke Ålesund aukar fortsatt. Elbildelen er no på om lag 35 prosent.
- Det vart i Statsbudsjettet som var lagt fram hausten 2023 opna for at rabatten for nullutsleppskøyretøy i takstklasse 1 i bompengeprojekt og bypakker/bymiljøavtalar kunne reduserast til 30 prosent av full pris ved lokalpolitisk einigheit.
- Bypakke Ålesund har finansiering for forbruk av midlar i inneverande handlingsprogram, men det manglar finansiering for deler av porteføljen som er flytta til perioden etter 2028

Protokoll:

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Styringsgruppa for Bypakke Ålesund ber om at Ålesund kommunestyre og Fylkestinget i Møre og Romsdal gjer følgjande likelydande vedtak:

Som følgje av lågare inntekter enn forutsett er det behov for å styrke inntektsgrunnlaget i Bypakke Ålesund. Rabatten for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 i Bypakke Ålesund vert redusert frå 50 til 30 prosent gjeldande frå 1. januar 2026.

Rabattnivået for nullutsleppskøyretøy i takstklasse1 i Bypakke Ålesund skal ha lågast moglege rabattnivå, i samsvar med dei til ein kvar tids gjeldande nasjonale takstretningslinjer

Vegamot gis fullmakt til å søke om slike justeringar så snart nasjonale vedtak er fatta, og tilhøyrande retningslinjer er offentleggjort.

Hans Kjetil Knutsen (ÅK) fremma følgjande alternative forslag til vedtak:

Styringsgruppa for Bypakke Ålesund ber om at Ålesund kommunestyre og Fylkestinget i Møre og Romsdal vurderer følgende forslag til vedtak:

1. Som følge av lavere inntekter enn forutsett er det behov for å styrke inntektsgrunnlaget i Bypakke Ålesund. Rabatten for nullutslippskjøretøy i takstgruppe 1 i Bypakke Ålesund blir redusert fra 50 til 30 prosent gjeldende fra 1. januar 2026.
2. Rabattnivået for nullutslippskjøretøy i takstklasse1 i Bypakke Ålesund skal ha lavest mulig rabattnivå, i samsvar med de til en hver tids gjeldende nasjonale

takstretningslinjer. Vegamot gis fullmakt til å søke om slike justeringer så snart nasjonale vedtak er fattet, og tilhørende retningslinjer er offentliggjort.

Randi Walderhaug Frisvoll (MRFK) fremma følgjande forslag til endring:

I sak 18 foreslår Møre og Romsdal fylkeskommune å stryke «i takstgruppe 1» fra teksten i tredje avsnitt i forslaget til vedtak

Harry Valderhaug (MRFK) foreslo å endre i første setning i forslag til vedtak frå «Styringsgruppa for Bypakke Ålesund ber om ...» til «Styringsgruppa for Bypakke Ålesund tilrår...»

Forslag til vedtak, med endring frå Randi Walderhaug Frivoll (MRFK) og Harry Valderhaug (MRFK), fekk to stemmer (MRFK og SVV) og vart vedtatt.

Forslag til vedtak frå Hans Kjetil Knutsen (ÅK) fekk ei stemme (ÅK) og fall.

Styringsgruppa gjorde følgjande vedtak:

Styringsgruppa for Bypakke Ålesund tilrår at Ålesund kommunestyre og Fylkestinget i Møre og Romsdal gjer følgjande likelydande vedtak:

Som følgje av lågare inntekter enn forutsett er det behov for å styrke inntektsgrunnlaget i Bypakke Ålesund. Rabatten for nullutsleppskøyretøy i takstgruppe 1 i Bypakke Ålesund vert redusert frå 50 til 30 prosent gjeldande frå 1. januar 2026.

Rabattnivået for nullutsleppskøyretøy i Bypakke Ålesund skal ha lågast moglege rabattnivå, i samsvar med dei til ein kvar tids gjeldande nasjonale takstretningslinjer

Vegamot gis fullmakt til å søke om slike justeringar så snart nasjonale vedtak er fatta, og tilhøyrande retningslinjer er offentliggjort.

Sak 19/2025: Finansieringssituasjonen i Bypakke Ålesund

Hilde Johanne Svendsen presenterte.

Kortversjon av innhaldet i saka:

Styringsgruppa vedtok eit handlingsprogram i møte 2/2025 der inneverande handlingsprogram er finansiert, men der det manglar finansiering til deler av porteføljen som kjem etter 2028.

Sekretariatet orienterte om den økonomiske situasjonen, og bad om at vidare finansiering vart avklart før framlegging av handlingsprogrammet for 2026 – 2029.

Vegamot har rekna på ei løysing der vi legg til 10 prosent auke på grunntaksten utover den årlege KPI-justeringa av takstane. Ein slik takstauke vil medføre at bypakken er finansiert med føresetnadane i reknestykket.

Protokoll:

Styringsgruppa støtta forslag til vedtak, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:
Styringsgruppa tar saka til orientering, og ber om at vedtakssak blir lagt fram for styringsgruppa til behandling i møte 29. august 2025.

Eventuelt

Møre og Romsdal fylkeskommune v/Eduardo Martinez Gutierrez orienterte om «Tilbud om avtale om tilskudd til klima- og miljøvennlig byutvikling og god fremkommelighet til mindre byområder som ikke er omfattet av ordningen med byvekstavtaler». Det vart orientert om føresetnadar i avtalen og kva avtalen inneber.

Hans Kjetil Knutsen bad om orientering om ledelinjer som krysser sykkelfelt ved nytt kollektivknutepunkt ved sjukehuset. Kåre Rolandsen (SVV) orienterte om at det er gjort fleire tiltak for å få ei trygg kryssing, mellom anna ekstra breidt sykkelfelt, oversiktleg område og gode materialval med kontrastar.

Statens vegvesen v/Ole Kristian Birkeland orienterte om praktiske forhold for neste møte i styringsgruppa som blir gjennomført på anleggskontoret til prosjektet Breivika – Lerstad på Moa.